



Fyresdal kommune
Sektor for kultur og oppvekst

Plan for vurdering ved Gimle skule

Målsetting med planen

Alle elever har både pliktar og rettar i opplæringsløpet. Pliktane fastset at elevane skal møte og delta aktivt i opplæringa. Rettane kjem til syne mellom anna i vurderinga av elevane sitt arbeid.

Alle elever frå 1.-10. trinn har rett til

- å få vite kva som er måla for opplæringa, både kompetansemåla i læreplanen og læringsmål
- å kjenne til kva det blir lagt vekt på i vurderingen
- å få vurdert kompetansen sin i alle fag og orden og åtferd
- å få grunngjeve informasjon om sin kompetanse i fag og korleis dei ligg an i orden og åtferd
- å få informasjon om kva dei må mestre for å bli betre i faget
- å vurdere eigen kompetanse, eige arbeid og eigen faglege utvikling

Fra 8. trinn har alle elever også rett til

- å få karakter i samband med halvårsvurdering i fag og i orden og åtferd
- å få vite kva som er vektlagt i fastsetting av standpunktkarakter

Denne planen skal bidra til at alle elevar får oppfylt rettane sine i fylgje forskrift til Opplæringslova kap. 3 «Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring».

Denne planen skal bidra til at alle elevar ved Gimle møter eit likt syn på vurdering, uavhengig av trinn og steg.

Lovverk

[Forskrift til Opplæringslova kap. 3.](#)

«Individuell vurdering i grunnskolen og i vidaregåande opplæring».

Omgrep

Kompetansemål = mål henta frå Kunnskapsløftet.

«Kompetanse er i LK06 forstått som *evnen til å løse oppgaver og mestre komplekse utfordringer*. Elevene viser kompetanse i konkrete situasjoner ved å bruke kunnskaper og ferdigheter til å løse oppgaver.» [UDIR](#)

Elevane skal målast etter nådd kompetanse i fag. Dette betyr at faktorar som orden og åtferd, arbeidsinnsats og føresetnader ikkje skal ligge til grunn i vurderinga. Unnataket er faget kroppsøving der det skal takast omsyn til innsats og føresetnader.

Læringsmål: Ei oppdeling og konkretisering av kompetansemåla frå Kunnskapsløftet.

Grad av måloppnåing: Skildrar kva som kjenneteiknar kompetanse på ulike nivå sett i forhold til kompetansemål i Kunnskapsløftet.

Kriterier: Eit (vurderings)kriterium skildrar kva som krevst av eit spesifikt arbeid eller ei oppgåve.

Ulike typar vurdering

Undervegsvurdering

Undervegsvurdering skal vera eit reiskap i læreprosessen og grunnlag for tilpassa opplæring. Den skal bidra til at eleven aukar kompetansen sin i faget og gjevast kontinuerleg og systematisk. Den kan vere både munnleg og skriftleg. Den skal innehalde grunngeven informasjon om kompetansen til eleven. Eigenvurderinga til eleven er ein del av undervegsvurderinga. Eleven skal delta aktivt i vurderinga av eige arbeid, eigen kompetanse og eiga fagleg utvikling.

Vurdering for læring

Vurdering for læring er all vurdering som gjevast til eleven undervegs i opplæringa. Den skal bidra til å fremje læring. Eleven har rett til å medverke i vurdering av eiga arbeid. Læraren skal bruke resultat av vurdering til å fremje læring og ta omsyn til at vurdering påverkar motivasjonen og sjølvbilde til eleven. Læraren skal ha tydelege forventingar til eleven sin faglege utvikling, og gje gode tilbakemeldingar og framovermeldingar. Tilbakemeldingar fortel om kvaliteten på arbeidet som er utført. Framovermeldingar fortel om kva som må til for å bli betre i faget.

Sluttvurdering

Sluttvurderinga skal gje informasjon om kompetansen til eleven ved avslutninga av opplæringa i faget. Sluttvurderinga kan gjevast både med og utan karakter.

Halvårsvurdering

Halvårsvurderinga i fag er ein del av undervegsvurderinga. Den skal syne kompetansen til eleven i forhold til kompetansemåla i læreplanverket på tidspunktet den blir gjeve, og gje rettleiing om korleis eleven kan auke kompetansen sin i faget. Det skal bli gjeve halvårsvurdering utan karakter gjennom heile grunnopplæringa. Halvårsvurderinga skal gjennomførast midt i opplæringsperioden og på slutten av opplæringsåret (for fag som ikkje blir avslutta). Den kan gjevast i samband med elev- og utviklingssamtaler.

Rett til vurdering ved spesialundervisning (IOP) og/eller fritak frå vurdering med karakter

Alle elevar har rett på halvårsvurdering. Elevar som er fritakne frå vurdering med karakter (§3-20 til §3-24) skal ha halvårsvurdering utan karakter. Elevar med individuell opplæringsplan (IOP) skal ha halvårsvurdering på grunnlag av måla i den individuelle opplæringsplanen, når denne avvik frå læreplanen i faget.

Elevsamtala

	Småsteget og mellomsteget	Ungdomssteget
Fagleg utvikling	Faglærarar i alle fag, skal gjennomføre ei samtale med kvar elev medio januar og medio juni. <i>Samtala skal innehalde:</i> -Eleven si eigenvurdering i faget	Faglærarar i alle fag, med unntak av utdanningsval, skal gjennomføre ei samtale med kvar elev rett før karakteroppgjeret 20. januar og medio juni. <i>Samtala skal innehalde:</i>

	<p>- Informasjon om eleven sin kompetanse i faget</p> <p>- Rettleiing på korleis eleven kan auke kompetanse sin i faget</p> <p>Det er naturleg at samtala i juni, fylgjer opp det som vart tatt opp i samtala i januar.</p>	<p>- Eleven si eigenvurdering i faget</p> <p>- Informasjon om eleven sin kompetanse i faget (grunngeving for karakter)</p> <p>- Rettleiing på korleis eleven kan auke kompetanse sin i faget</p> <p>Det er naturleg at samtala i juni, fylgjer opp det som vart tatt opp i samtala i januar.</p> <p>Samtala medio juni 10. klasse er sluttvurdering og skal berre gje informasjon om eleven sin kompetanse ved avslutning av opplæringa.</p>
Sosiale tilhøve	<p>Kontaktlærer gjennomfører ei samtale med kvar elev før utviklingssamtala med elev og føresette. Samtalene skal gjennomførast i løpet av veke 39-43 om hausten og veke 6-10 om våren.</p> <p><i>Samtala skal innehalde desse tema:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Trivsel både på skulen og i klassa, i timane og i friminutta. -Orden/åtfærd. -Eigenvurdering av skulekvardagen (innsats, orden/åtfærd, personleg målsetting/måloppnåing både fagleg og sosialt). <p>(Vedlegg 3)</p> <p>Kontaktlærer syter for å skrive referat frå samtala (vedlegg 1). Referatet skal arkiverast i elevmappa i ePhorte. Frå 5. klasse skal eleven ha kopi av referatet.</p>	<p>Kontaktlærer gjennomfører ei samtale med kvar elev før utviklingssamtala med elev og føresette. Samtalene skal gjennomførast i løpet av veke 39-43 om hausten og veke 6 - 10 om våren.</p> <p><i>Samtala skal innehalde desse tema:</i></p> <ul style="list-style-type: none"> -Trivsel både på skulen og i klassa, i timane og i friminutta. -Orden/åtfærd. -Eigenvurdering av skulekvardagen (innsats, orden/åtfærd, personleg målsetting/måloppnåing både fagleg og sosialt). <p>(Vedlegg 3)</p> <p>Kontaktlærer syter for å skrive referat frå samtala (vedlegg 1). Referatet skal arkiverast i elevmappa i ePhorte og eleven skal ha ein kopi.</p>

Utviklingssamtala

Kontaktlærer gjennomfører utviklingssamtale med elev og føresette etter gjennomførte elevsamtaler. Utviklingssamtaler skal vera gjennomført før 1. desember og før påskeferien. Kontaktlærer har ansvar for at alle samtalene blir gjennomført. Dersom det etter fleire forsøk ikkje lukkast å gjennomføre samtale med heimen, skal rektor straks varslast om dette. Dersom ein ikkje rekk å gjennomføre alle samtalene innan fristen, skal stegleiar varslast om dette.

Minimum tre dagar før utviklingssamtala skal heimen få eit skriv med korte kommentarar frå faglærarar om kompetanse i faget og råd for fagleg utvikling. Orden og åtfærd skal kommenterast av kontaktlærer i eige punkt, ikkje i fagkommentarane (vedlegg 2). Kontaktlærer har ansvar for å hente inn informasjon frå dei andre faglærarane om korleis dei opplever orden og åtfærd til eleven. Dette gjennomførast på stegmøte. Utviklingssamtala skal bygge på tilbakemeldingane frå faglærarar og sosiale tilhøve drøfta i elevsamtala. I tillegg kan andre tema som er ynskjelege og relevante for dei ulike trinna drøftast (vedlegg 3).

Kontaktlærer har ansvar for å gje beskjed om frist for fagkommentarar frå faglærarar og legge til rette for innsamlinga av kommentarane. Faglærer skal gje kommentarane innan fristen eller etter annan avtale med kontaktlærer. Dersom kontaktlærer ikkje lukkast med å få inn kommentarar, skal rektor varslast om dette.

Utviklingssamtale dokumenterast med referat som synt i vedlegg 1. Referatet arkiverast i ePhorte med kopi til heimen.

Vedlegg

Vedlegg 1. Mal til referat frå elevsamtale og utviklingssamtale

Vedlegg 2. Mal på kommentarskjema til føresette med døme

Vedlegg 3. Døme på verktøy som kan brukast til utgangspunkt for drøfting på elev- og utviklingssamtaler

Vedlegg 1. Mal til referat frå elevsamtale og utviklingssamtale

Referat frå elevsamtale/utviklingssamtale

Dato: _____

Deltakarar: _____

1. Dette har vi snakka om:

2. Dette skal vi følgje opp vidare (Kva skal skulen gjera, kva skal eleven gjera, kva skal føresette gjera):

Underskrift kontaktlærer: _____

Vedlegg 2. Mal på kommentarskjema til føresette med dømme

Det er tid for utviklingssamtale. Før samtala, ynskjer vi at de heime les gjennom kommentarane frå faglærarane om fagleg ståstad og råd for vidare utvikling.

Vel møtt til samtale!

Norsk	
Matematikk	
Engelsk	Munnleg: Høgt ordforråd og god forståing av innhald i ulike tekstar. Må jobbe med å formulere fullstendige setningar og forklare seg tydeleg utan innspel frå lærar. Skriftleg: God rettskriving, stødig grammatikk, middels ordforråd. Må jobbe med å utvikle innhaldet i tekstane t.d. argumentere, reflektere, skildre.
Naturfag	
Samfunnsfag	
RLE	
Musikk	
Kunst og handverk	
Kroppsøving	
Mat og helse	
Framandspråk /fordjuping/ arbeidslivsfag	
Valfag	
Orden og åtferd	God åtferd mot medelevar og lærarar. Gløymer av og til lekser og bøkar i ulike fag.

Vedlegg 3. Døme på verktøy som kan brukast til utgangspunkt for drøfting på elev- og utviklingsamtaler

Døme 1:

«Two stars and a wish»

Dette er bra:



Dette kan bli betre:



Døme 2:


Orden

	Alltid	Ofte	Nokre gonger	Sjeldan	Kva eg skal gjere for å bli betre
Eg kjem tidsnok.					
Eg har med meg det eg treng til undervisninga.					
Eg leverar meldingar.					
Eg bidreg til eit godt læringsmiljø i timane.					
Eg veit kva eg skal lære i fag.					
Eg gjer leksene mine.					
Eg gjer leksene mine for å lære.					
Eg har oversikt over kopiar og liknande som blir delt ut.					

Døme 3:

- Kva for fag må du jobbe spesielt med i år? Kvifor?

- Teikn ei kurve over fagleg utvikling:



- Kva for forventingar har du til skuleåret?
- Er det nokre faglærarar du ynskjer å ha ei samtale med?

Døme 4:

Fag	Mål	Tiltak	Kven kan du få hjelp av?

Døme 5:

<i>Ta ein prat og kryss av heime før samtala.</i>	Det er vanskeleg:	Det får eg til:
1. Å rekne		
2. Å lese		
3. Å svare og fortelje		
4. Å snakke engelsk (1-2tr.) Å lese engelsk (3-4tr.)		
5. Å skrive rett og fint		
6. Å ha orden på skulesakene		
7. Å gjere lekser		
8. Å følgje med i timane		

9. Å rekke opp handa før eg skal sei noko		
10. Å lytte når andre seier noko		
11. Å arbeide saman med andre elevar		
12. Å jobbe så godt eg bare klarar (gjere mitt beste)		

Døme 6:

Avkryssningsskjema før samtale

Emner som eleven/ heimen ynskjer å ta opp (set kryss)		
Emner som lærar ynskjer å ta opp (set ring)		
	Elev/heimen	Lærar
Skuleveg		
Friminutt		
Klassa		
Lærarar		
Favorittfag		
Vanskelege fag		
Lekser/heimearbeid		
Arbeidsro/læringsmiljø		
Motivasjon		
Trivsel		
Mobbing		
Fritid		
Helse		
Korleis eg har det		
Kva eg er flink til		
Kva eg vil bli		
Læringsutbytte		
Engasjement og innsats		
Rutinar		
Reglar		
Andre ting eg vil snakke om		